



# EIN DIGITAL TIDSALDER KREV DIGITALE LOVER. VI TRENG STERKARE VERN MOT OVERGREP PÅ NETT

## Vedtatt på landsmøtet i Grønn Ungdom 25.-27. november 2016

Folk brukar stadig meir av livet sitt på nett, og dette gir oss enorme fordelar både i arbeidslivet og på fritida. Disverre er internett også ein arena for overgrep, svindel og annan kriminalitet, og lovverket held ikkje tritt på nokre område. Eitt av desse områda er seksuelle overgrep på nett. Dette omfattar spesielt hemnporno, men også generell produksjon, oppbevaring og distribusjon av intime/seksualiserte bilete og videoar.

Canada, Israel, England og 23 statar i USA har danna egne lover mot hemnporno. Noreg bør følgje etter, og også auke strafferammene for denne typen overgrep, som blir kalla valdtekt på nett. Denne forma for valdtekt kan vere vanskeleg å legge bak seg, fordi det er ekstremt sjeldan at ein får fjerna hemnpornoen når den først har komme i sirkulasjon. Det finst lover i Noreg som kan brukast til domfelling i slike saker, men straffane er i praksis særst milde med tanke på alvoret i situasjonen, og ein eigen lov mot digitale overgrep vil verke haldningsskapande og førebyggande mot framtidige overgrep.

Grøn Ungdom vil:

- Opprette eigen lovhjemmel for digitale overgrep
- Skjerpe straffene for digitale overgrep
- Forby oppbevaring av seksualisert materiale utan samtykke, også om materialet i utgangspunktet vart produsert med samtykke
- At den fornærma skal ha krav på oppreising
- At politi eller skolevesen skal opplyse ungdomsskoleelevar om digitale overgrep for å forhindre at dei skjer og auke sannsynet for at overgrep blir meld til politiet

1. Kjelde: Bot på 8000/5000 NOK avhengig av samarbeid med politiet (for låg straff ift. Skaden som blir påført offeret)  
<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/krim/straffet-for-aa-vise-nakenbilder-av-eks-kjaeresten/a/23690425/>

2. Kjelde: Lover som blir brukt til domfelling i dag: <http://www.vg.no/rampelys/datakriminalitet/norske-kvinner-vaar-kamp-mot-hevnporno/a/23706191/>

3. Kjelde: 23 stater i USA har innført lover mot hevnporno, England, Israel og Canada har gjort det same:  
[https://www.nrk.no/dokumentar/xl/opplevde-marerittet\\_-nakenbilder-spredd-pa-nettet-1.12424038](https://www.nrk.no/dokumentar/xl/opplevde-marerittet_-nakenbilder-spredd-pa-nettet-1.12424038)

